

Årsrapport Nordfjord Folkemuseum 2020

Personale

Anne Kristin Moe, avdelingsdirektør 100 % stilling
Albert Christian Alfiler, museumsvert 100 % stilling
Ingrid Berger, konservator, 100 % stilling
Eva Marie Felde, formidlingsleiar 100 % stilling
Nils Åge Kvamme, driftsansvarleg, 100 % stilling
Kent Arvid Flølo, handverkar 50 % stilling
Steinar Enebø, handverkar 50 % stilling

Verv og prepresentasjon

Nordfjord Folkemuseum er ei avdeling av Musea i Sogn og Fjordane (MiSF). Eva Marie Felde er tilsetterepresentant i styret til Musea i Sogn og Fjordane. Avdelingsdirektør Anne Kristin Moe sit i styre Forening for kulturforskning, Norges Museumsforbunds Seksjon for immateriell kulturarv, og møter i Kulturnettverk Nordfjord. Museumsfartøyet Holvikejekta er medlem i Norsk Forening for Fartøyvern.

Organisatorisk arbeid

I 2020 har det vore jobba mykje med omorganisering og planverk knytt til den nye organiseringa som tredde i kraft ved utgangen av 2020. Den nye organiseringa medfører at MiSF organiserer drifta i fire avdelingar; avdeling for forskning og bevaring, avdeling for kulturhistorie, avdeling for kunst og avdeling for økonomi, administrasjon og drift.

Avdelingane for forskning og bevaring, kulturhistorie og kunst blir leia av kvar sin avdelingsdirektør, medan avdeling for økonomi, administrasjon og drift bli leia av ein stabssjef. Thomas Walle er tilsett i rolla som avdelingsdirektør forskning og bevaring, Synnøve Bjørset er tilsett som avdelingsdirektør kulturhistorie, Janne Gimmestad er tilsett som stabssjef, Tor Martin Leknes er tilsett som avdelingsdirektør kunst (tiltrer 1. mars 2021). Desse fire får personal- og budsjettansvar for avdelingane sine. Dei tilsette skal i større grad samarbeide fagleg på tvers av fysiske lokalitetar, men for publikum vil ikkje omorganiseringa føre til endringar. Musea held fram med same namn som i dag og vil bli leia av lokale museumsleiarar med egne budsjett og fagleg ansvar.

Forvaltning

Samling

I 2020 har samlingsarbeidet på Nordfjord Folkemuseum vore konsentrert om revisjon og fotografering av gjenstandar som var teke inn frå Heggdalsloftet i 2018, samt inntak av gjenstandar og arkivmateriale frå dødsbuet til Petter Eide. I 2020 vart revisjonsprosjektet Heggdalsloftet avslutta. Gjenstandar har vore mellombels lagra i rommet for fast utstilling og konservator har brukt rommet som arbeidsstasjon. Ved utgangen av 2020 var rommet så godt som tomt.

Inga Århus vart tilsett som registrator i prosjektstilling i Musea i Sogn og Fjordane frå 27.april. I seks månadar arbeidde ho ved Nordfjord Folkemuseum og reviderte over 400 gjenstandar. Av inntak vart det i 2020 teke inn ni einskildgjenstandar. Det er avhenda 451 objekt. Nordfjord Folkemuseum har totalt ca. 20 000 gjenstandar. Pr. 31.12.2020 er 14 772 av desse registrerte i forvaltningsdatabasen Primus. 6478 gjenstandar er publiserte på www.digitaltmuseum.no.

Holvikejekta

I likhet med førre år, søkte museet i 2020 Kulturdepartementet og Vestland Fylkeskommune om midlar til verne- og formidlingsbygg for Holvikejekta. Norconsult vart hyra inn av MiSF for å sjå på tekniske løysingar og kvalitetssikre tala, og utarbeidde eit skisseprosjekt. Prosepekt frå 2019 vart oppdatert i 2020. Søknaden til Kulturdepartementet om bygg for Holvikejekta vart dessverre avslått i denne omgang, og det vil bli sendt ny søknad i 2021.

Friluftsmuseet

Som del av den nasjonale Bygningsvernundersøkinga vart alle dei antikvariske bygningane ved Nordfjord Folkemuseum gjennomgått og tilstandsvurdert i 2019. I etterkant av dette vart det oppretta eit Prioriteringsutval for bygningssamlinga i MiSF. Av bygningane som vart tilstandsklassifisert som TG3 (dårlegast), var sauefjøs frå Gjengedal (NFM.220) på Nordfjord Folkemuseum. Fjøsene vart, saman med Lisetbua i Kalvåg, prioriterte bygningar i 2020. På Gjengedalsfjøsene var det grøfta rundt bygningen for å hindre fuktskade, stavane vart løfta opp og taket skifta. Prosjektet vart gjennomført ved innleige av eksternt firma i samarbeid med handverkar ved museet. I samband med istandsettinga, vart det laga ny veg opp til «støylsområdet» på museet. Dette auka tilgjengelegheita betrakteleg.

Arbeidet med nytt tak på Fargeriet (NFM.244), som vart påbyrja i 2019, vart slutført i 2020. Røykogn i stove frå Sæten (NFM.237) vart sett i stand, slik at ein no trygt kan fyre i den.

11.november var Stig Nordrumshaugen frå Vestland fylkeskommune på synfaring på dei eldste husa på Nordfjord Folkemuseum. Det vart teke dendrokronologiske prøvar av loft frå Heggdal (NFM.210) i samband med at museet ønsker å restaurere bygningen. Prøvane viste at tømmeret loftet er bygd av er frå 1500-talet, og Fylkeskommunen vil følge opp arbeidet ei eventuell freding vil medføre.

I 2020 vart det laga nytt gjerde og grind ved hovudinngang. Gjerdet ved Sydneshuset vart flytt for å gjere plass til sykkelparkering frå Gloppen kommune. I friluftsmuseet består det årvisse arbeidet elles med stell av bedd og tre, grasklipping og damreinsking, samt førebuing av sesongopning med innreiing av miljøutstillingar i dei antikvariske husa.

Forsking- og utviklingsarbeid

I 2020 var det 100 år sidan Nordfjord Folkemuseum opna. Koronasituasjonen gjorde at vi ikkje fekk feira på den måten vi håpa på, men på jubileumsdagen 25.juli var det gratis inngang, kake og museumshistorisk omvising. 18.oktober arrangerte vi miniseminar med foredrag om museet si historie. Foredragshaldarar var Karoline Stubberud Eide, som skriv masteroppgåve ved Universitetet i Oslo om Nordfjord Folkemuseum, og avdelingsdirektør Anne Kristin Moe. I samband med jubileet har det også vore jobba med ei artikkelssamling som tek for seg historia til museet.

Sidan 2018 har Nordfjord Folkemuseum administrert prosjektet «Nordfjordbåt bygging og bruk», der ein lærande, Andreas Mardal byggjer nordfjordbåt saman med båtbyggjar Kristen Arnestad. Båtane i prosjektet skal kome allmenta til gode. Mardal har også bygd ein båtverkstad. På grunn av koronapandemien var det lite aktivitet kring prosjektet i år.

Avdelingsdirektør Anne Kristin Moe har vore leiar av ICOM si ekspertgruppe for immateriell kulturarv i arbeidet med utarbeiding av museumsetiske retningslinjer. Arbeidet vart avslutta i 2020. Moe sit også i styret for Norsk foreining for kulturforskning, og på årsmøtet i foreininga vart det bestemt at Musea i Sogn og Fjordane skal vere vertskap for konferansen i 2022.

Publikasjonar

Ved avdelinga har det i 2020 vore arbeid med ei artikkelsamling i høve 100 års jubileet til Nordfjord Folkemuseum (publisert i 2021) og Jul i Nordfjord 2020, som museet har det redaksjonelle ansvaret for. Tilsette ved avdelinga har skrive følgjande artiklar:

«Blodklubb i 14 dagar – livet som bygdeslaktar i Hornindal», Jul i Nordfjord 2020 (Eva Marie Felde)

«Nordfjord Folkemuseum 100 år», Jul i Nordfjord 2020 (Eva Marie Felde)

«Frå øl til jul til juleøl», Jul i Nordfjord 2020 (Anne Kristin Moe)

«Bjørn Tore Pedersen: Jekta. Eventyrets farkost.» Bokmelding. Heimen 03 / 2020 (Volum 57) (Anne Kristin Moe)

«Alle gode ting av tre», Jul i Nordfjord 2020 (Eva Marie Felde, Nils Åge Kvamme og Anne Kristin Moe)

Foredrag

«Nordfjord Folkemuseum 100 år». Gloppen bygdekvinneleg 27.august (Anne Kristin Moe)

«Immateriell kulturarv og etiske retningslinjer». Unesco og immateriell kulturarv. Rysstad 21 september (Anne Kristin Moe)

«Nordfjord Folkemuseum 100 år». Nordfjord Folkemuseum 18.oktober (Anne Kristin Moe)

Kurs, seminar og konferansar

Tilsette ved avdelinga har delteke på følgjande faglege møter og arrangement:

TravelEXPO, reiselivsmesse 10-12. januar, Oslo

Kurs i vitskapeleg skrivning. Forskningsseksjonen, Norsk Museumsforbund, Bodø 5.-6.februar.

Flytting av samlinger, Bevaringstenestene MUHO og Museumsforbundet, Bergen 13.-14.februar

Webinar Spor -digitalt webinar for kulturarv i DKS, Kulturtanken, 9.september

Webinar om museumskritikk. Norges Museumsforbund, 10.september

Seminaret «Unesco og immateriell kulturarv». Setesdal, 21.-22. september

Årskonferansen til Forening for kulturforskning. Digitalt, 24.-25.september

Analyse og rapportering, Rambøll/SurveyEXact. Digitalt, 15. oktober

Kulturkonferansen Vestland, Vestland Fylkeskommune, nett, 16. oktober

Webinar ekultur, KulturIT, 20. oktober

Museenes forskerkonferansen, Elverum, 22.-23. oktober

Webinar om publikumsarbeid i musea. Kulturrådet, 28. oktober

Webinar om digitalisering i musea. Kulturrådet, 4.november

Webinar om musea sine bygningsamlingar. Kulturrådet, 12. november

Webinar Spectrum 5.o lansering på norsk, Kulturrådet, 24. november

Webkonferanse Samlingsforum 2020, Svensk samlingsforum for museer etc, 26.-27. november

Webinar om lokalhistorie. Fylkesarkivet Vestland og bibliotekutvikling Vestland, 27. november

Webinar lansering av Kulturrådets museumsprogram 2021-2023, 02. desember

Webinar nomenklatur for drakt i KulturIT, KulturIT, 03. desember

WebKurs i det gode spørjeskjemaet, Rambøll/Surveyexact, 09. desember

Formidling

I 2020 vart det utarbeidd ein ny rettleiar for Nordfjord Folkemuseum med informasjon om dei ulike bygningane i Friluftsmuseet. Alle antikvariske bygningar fekk identifikasjonsskilt med museumsnummer og det vart sett opp kulturhistoriske tekstar i fleire av husa.

Publikum

I 2020 var opningstidene 10-15 tysdag til fredag. I sesongen, som var definert som 29. juni til 31. august hadde vi ope 10-17. I utgangspunktet ynskte vi å ha ope til 18, men på grunn av korona-

situasjonen måtte talet tilsette reduserast, og vi korta inn ein time. I sommarsesongen var det ope alle dagar. Utanom sesongen hadde vi også månadlege arrangement, der opningstida var 12-16. Kulturdepartementet tilrådde stenging av museum og større arrangement frå 12. mars. Musea i Sogn og Fjordane bestemte, i tråd med tilråding frå styresmaktene, å innføre ei gradvis opning av avdelingane frå 1. juni.

I løpet av 2020 besøkte 3009 personar museet. 862 elevar var på pedagogiske opplegg saman med 71 lærarar. Den store nedgangen i talet på besøk generelt og for pedagogiske opplegg spesielt, heng saman med den lange perioden museet var stengt, men også at det var fleire restriksjonar i samfunnet, og truleg ein viss skepsis hjå nokre til å oppsøkje aktivitetar.

I tillegg vart friluftsmuseet mykje brukt av skuleklassar og barnehagar under dei spesielt restriktive koronaperiodane. Friluftsmuseet blir mykje brukt av skular, barnehagar og andre elles også, men under pandemien ville vi understreke vårt ansvar for området og våre eigne tilsette, og bad difor gruppene som kom om å melde seg i resepsjonen, slik at vi kunne bidra til at det ikkje var fleire kohortar/klassar der samstundes. Mange følgde oppmodinga, og tala syner at frå mai til november var 1028 elevar/barnehageborn i friluftsmuseet og 97 vaksne. (Desse er ikkje med i besøkstalet ovanfor). Det reelle talet er truleg endå høgare, då vi veit at fleire grupper, spesielt etter sommaren ikkje melde frå om dei var i området.

Pedagogiske opplegg

I løpet av 2020 gjennomførte vi åtte ulike formidlingsopplegg. Opplegget under DKS, Tidskapsel, skal etter planen gjennomførast i 2021, det same gjeld opplegget om tradisjonsbåt i samband med Nordfjordbåt-prosjektet.

Desse opplegga vart gjennomførte:

Alle gode ting av tre (knytt til utstilling. Tilbod til alle alderstrinn)

Kjeldegransking (tilbod til vidaregåande skule)

Byggeskikk (Tilbod gjennom DKS Gloppen 3. og 4. klasse)

100 år i Nordfjord (Tilbod til alle alderstrinn)

Holvikejekta (alle alderstrinn)

Bondesamfunnet (alle alderstrinn)

Frå handemakt til elektrisitet (alle alderstrinn)

Juletradisjonar (alle alderstrinn)

Under opplegget «Alle gode ting av tre» hadde vi eit ekstra tett samarbeid med ei av 3.klassane på Sandane skule. I 2019 valde dei seg ut kvar sine tre som dei følgde gjennom skuleåret. Vi hadde ulike aktivitetar knytt til temaet tre, mellom anna å finne ut kor høgt og gamalt det er, lage bilete av lauv, fotosyntese og vi brukte sjølvsaft også utstillinga. Prosjektet avslutta vi i 2020, med eit fjerde besøk, med konglefjøs og granskotsaft. Det er også gledeleg å sjå at fleire klassar ved Gloppen Ungdomsskule har delteke på ulike opplegg.

Musea i Sogn og Fjordane har i slutten av 2020 innført eit felles evaluerings skjema for skuleopplegg. Alle som har delteke på formidlingsopplegg får tilsendt lenke til spørjeskjemaet. I perioden er det elleve som har svart på skjemaet, og alle desse har kryssa av for at innhaldet i formidlingsopplegget var bra (1) eller veldig bra (10). Også på dei andre spørsmåla blir opplegga vurderte som bra eller veldig bra, men det kan vere noko meir å hente på å informere betre i forkant av besøket.

Digital formidling

I koronaperioden var det mogleg å få ein gratis minutt-for-minutt tur i friluftsmuseet gjennom Televindu sin nettportal. Der var det 56 avspelningar, med truleg fleire som såg på samstundes. Videoen hadde 860 avspelningar på Facebooksida deira.

På nettsidene hadde vi 3700 brukarar, mot 4400 i 2019. Også talet på brukarøkte gjekk ned, frå 6000 til 4800. Også på Facebook er tilbakegangen stor. Der hadde vi i 2019 ei rekkevidde på 36830, medan dette var nede i 14349 i 2020. På grunn av færre arrangement og hendingar store delar av året var også talet på publiserte artiklar, innlegg og promotering mykje lågare i 2020 enn i 2019. Talet på følgjarar på Facebook ligg på 1200 (for begge år).

Presse

I 2020 hadde Nordfjord Folkemuseum 30 presseoppslag. Dette var kulturhistoriske saker, generelt om avdelinga og om Holvikejekta, utstillingar og arrangement.

Utstillingar

23.06.2019 – 11.03.2020	Alle gode ting av tre
01.07.2020 – 01.02.2021	Jubileumsutstilling – Nordfjord Folkemuseum 100 år
13.11.2020 – januar 2021	Tre julepynta stover frå tre hundreår (Friluftsmuseet)
13.11.2020 – vinter 2021	Frå øl til jul til juleøl

Utstillinga «Gyng deg gjennom historia», som var eit samarbeid med designlinja på Eid vidaregåande skule, skulle opne 29. mars. Det let seg ikkje gjere. Dette var den siste utstillinga vi hadde planlagt å gjere saman.

Jubileumsutstillinga var planlagt opna 21. juni, men dette vart utsett til 1. juli. Vi publiserte også ein digital versjon av utstillinga, med nær alle gjenstandane, på digitaltmuseum.no.

I tillegg er 29 av 44 antikvariske bygningar i friluftsmuseet opne for publikum i sommarsesongen. I 16 av desse er det interiørutstilling. I november og desember vart det også pynta til jul i tre av husa i friluftsmuseet.

Grupper

Etter at museet fekk opne til sommarsesongen bestemte vi å kutte ut omvisingane for grupper. Årsaka var at det var vanskeleg for dei tilsette å halde 1-2 meter avstand frå dei besøkande i (mange av) husa. Det vart også sett opp skilt som sa noko om kor mange personar som kunne vere i kvart hus på same tid. Alle cruisebestillingar, som etter planen ville vore fleire og med større grupper enn føregåande år, vart avlyste.

Arrangement

- 16. januar: Intimkonsert med Siri Byrkjedal i Moritsstova
- 26. januar: Føredrag om «Husa våre» ved Kolbjørn Nesje Bjørlo
- 25. juli: Nordfjord Folkemuseum 100 år. Kake, jubileumsutstilling og museumshistorisk omvising
- 20. september: Museumssøndag. 75 år sidan andre verdskrig tok slutt v/Bjørn Erik Jensen
- 18 oktober: Museumssøndag. Museumsseminar 100 årsmarkering

Av arrangement som vart avlyst var mellom anna Glopperock (som skulle feire sitt 40 års jubileum i Jølet), konsert under Norsk Countrytreff, fleire føredrag, ei større jubileumsfeiring og julemarknaden. Vi valde å ha ope dei to siste helgane i november og dei to første i desember, med noko aktivitet knytt til dei (brygging av øl i desember).